



Paul Kyllingstad  
Vassvikv. 106  
4308 SANDNES

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 56 88 11  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Løyve til planting av utanlandske treslag til juletreproduksjon

**Fylkesmannen gjev løyve til planting av utanlandske tre til juletreproduksjon på kartfesta areal på eigedom 25/9 i Sandnes kommune for 10 år. Det er sett vilkår om at alle tre skal fellast innan 15 år etter planting. Dette løyvet er uavhengig og gjev ikkje føringar for handsaming etter anna lovverk. Det er til dømes naudsynt å ha løyve frå kommunen til omdisponering etter jordlova sine reglar når plantefelta er på dyrka jord.**

Me viser til søknad, mottatt 27.02.2013. Du søker om løyve til å planta utanlandske tre til juletreproduksjon på eigedommen din på Vassvik i Sandnes kommune.

### *Heimel*

Utsetting av utanlandske treslag krev godkjenning frå Fylkesmannen i samsvar med *forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål* (25.05.2012 nr 460), jf naturmangfaldlova kap IV.

### *Søknaden*

Du søker om utplanting av nordmannsedelgran *Abies nordmanniana* og fjelledelgran *Abies lasiocarpa*, på areal med tidlegare utmarksbeite og juletreproduksjon, innteikna på kart vedlagt søknaden. Totalt areal for heile produksjonen er 15 daa. Vi gjer merksame på at forskrifa gjev høve til å handsama søknader om utplantingar over fleire år om gongen. Dei aktuelle areala er på din eigedom gnr 25/9 i Sandnes kommune.

### *Fylkesmannen si vurdering*

Føremålet med forskrifta er å hindra at planting av utanlandske treslag ikkje gjev uheldige konsekvensar for naturmangfaldet. Det er sentralt å sikra at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir trua av dei framande artane, direkte eller indirekte, jf. naturmangfaldlova §§4 og 5. Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. §8 sett krav om at vedtaket bygger på kjend kunnskap.

Fjelledelgran er vurdert til å ha *låg risiko* av Artsdatabanken. Normannsedelgran har ikkje blitt risikovurdert, men har blitt vurdert til å ikkje ha høve til å spreia seg i norsk natur i løpet av dei neste 50 åra (Norsk svarteliste 2012). Det er ikkje verna område eller kjende artar i nærleiken som kan bli uheldig påverka av tilplantinga. Plantefeltet legg beslag på areal som består av tidlegare utmarksbeite og tidlegare plantefelt frå før.

Vi gjer merksame på at dette løyvet ikkje erstattar, eller gjev føringar for eventuelle behov for nye vedtak i kommunen om omdisponering av dyrka mark etter jordlova.

Ut frå føre-var-prinsippet (§9) er det viktig å sikra seg mot at plantefelt kjem ut av kontroll, som til dømes ved at trea ikkje når alder for frøspreiing. Rutinar for internkontroll må innarbeidast i verksemda.

Påverking av økosystemet skal vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er, eller blir utsett for (§10). I dette høvet kan me ikkje sjå at tiltaket legg beslag på, eller er ein vesentleg trussel mot stadeigne naturkvalitetar.

§11 legg ansvaret for eventuelle skader på naturmiljøet hjå tiltakshavaren. Kostnader ved å bøta på eventuelle skader, eller å førebygga skader skal dekkast av tiltakshavar, så langt tiltaka er innanfor rimelege grenser.

Driftsmetodar og teknikkar skal i utgangspunktet ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultata (§12). Me har ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Me kan ikkje sjå at planting av desse treslaga vil vera til vesentleg skade for naturmangfaldet. Dei aktuelle treslaga har ikkje stor risiko på svartelista, og det er ikkje registrert spesielle naturverdiar som kan bli trua av tiltaket på, eller umiddelbart ved sida av plantefeltet. Det er likevel viktig å sikra seg mot eventuell frøsetting. Det er viktig å dokumentera rutinar for å hindra spreiling, og kven som har ansvar for å sikra hogst før frøsetting. Det er også viktig at dette dokumentet blir gjort kjend og overført samtidig som eventuelt eigarskifte til ny eigar.

#### *Vedtak og vilkår*

Fylkesmannen gjev med dette løyve til å setta ut nordmannsedelgran og fjelledelgran på avmerka område på kart vedlagt søknaden. Arealet er til saman 15 daa. Området er på Vassvik i Sandnes kommune. Løyvet gjeld i ti år fram til år 2023.

Det blir sett som vilkår at alle tre som er omfatta av vedtaket skal fellast innan 15 år etter at dei vart planta. Eigaren av arealet er ansvarleg for fellinga. Vilkåret for dette løyvet skal gjerast kjend for ny eigar ved eventuelt eigarskifte.

Dette løyvet er utelukkande gitt på bakgrunn av risiko for spreiling av utanlandske tre, og er heilt uavhengig av handsaming etter anna lovverk. Det er til dømes naudsynt å ha løyve frå kommunen til omdisponering etter jordlova sine reglar når plantefelta er på dyrka jord.

#### *Klage*

Vedtak kan påklagast innan 3 veker etter du har mottatt dette brevet, jf forvaltningslova sine reglar. Ein eventuell klage kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland. Dersom Fylkesmannen ikkje gjer om eige vedtak, skal klagen handsamast av Direktoratet for naturforvaltning.

#### **Med helsing**

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Torborg Berge  
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Torborg Berge  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 39  
E-post: fmrotbe@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Sandnes kommune    Postboks 583    4305    Sandnes